



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 128 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i odelslova

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4	Departementets vurderingar og forslag til endringar	10
			4.1	Forslag om innskrenking av odelskretsen	10
2	Bakgrunnen for lovforslaga	5	4.1.1	Høyringsforslaget	10
2.1	Innleiing	5	4.1.2	Høyringsinstansane	11
2.2	Høyringsforslaget	7	4.1.3	Departementets vurderingar	13
2.3	Høyringa	7	4.2	Forslag om å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering	15
3	Gjeldande rett	8	4.2.1	Høyringsforslaget	15
3.1	Innleiing	8	4.2.2	Høyringsinstansane	15
3.2	Odelsretten og grunnlovsvernet ..	8	4.2.3	Departementets vurderingar	17
3.3	Odelskretsen	9	4.3	Overgangsreglar	18
3.4	Odelsfrigjering	9	4.3.1	Høyringsforslaget	18
3.4.1	Odelsfrigjering av eigedom som skal brukast som tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom	9	4.3.2	Høyringsinstansane	18
3.4.2	Odelsfrigjering til andre formål enn tilleggsareal til landbruks-eigedomar	10	4.3.3	Departementets vurderingar	19
3.4.3	Saksbehandlinga	10	5	Økonomiske og administrative konsekvensar	19
			6	Spesialmerknader til lovforslaget	20
				Forslag til lov om endringar i odelslova	21



Prop. 128 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i odelslova

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 26. april 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Landbruks- og matdepartementet foreslår å endre odelslova § 8 slik at odelskretsen blir innskrenka. Departementet foreslår òg å oppheve odelslova § 31 som gir heimel til å odelsfrigjere eigedom som skal nyttast som tilleggsareal til landbruks-eigedom.

Som ein konsekvens av forslaget om å oppheve odelslova § 31 foreslår departementet ei endring i odelslova § 16. Paragrafen gjeld den odelsrettslege statusen tilleggsarealet får når arealet blir lagt til ein landbrukseigedom. Departementet foreslår òg ei mindre endring i odelslova § 33 om saksbehandling som følgje av at § 31 blir oppheva.

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Innleiing

I *NOU 2003: 26 Om odels- og åsetesretten* drøfta odelslovutvalet spørsmålet om omfanget av odelskretsen burde innskrenkast noko. Utvalet skiserte tre alternative utgangspunkt for ei innskrenking av odelskretsen.¹

- Berre barn av siste eigar med odelsrett har odelsrett.

- Berre barn av ein eigar med odelsrett (nåverande eller tidlegare innan same odelslekt) har odelsrett.
- Gjeldande ordning blir ført vidare med den modifikasjon at nokon av foreldra, besteforeldra, eller søsken av foreldra må ha eigd eigedomen i ei viss tid, for eksempel 5 år.

Fleirtalet i utvalet meinte alternativa anten ville gi for urimelege utslag (alternativ c), eller at dei utgjorde for kraftige innhogg i dei tradisjonelle oppfatningane knytte til odelsretten (alternativ a og b). Fleirtalet gjekk derfor inn for at odelskretsen skulle først vidare som han var.

Eit mindretal meinte at odelsretten burde fange opp berre dei som hadde vakse opp på eigedomen, og foreslo at lova skulle endrast slik at ein får odelsrett berre dersom nokon av foreldra har eigd eigedomen med odelsrett (alternativ b ovanfor).

Regjeringa var samd med fleirtalet i utvalet og høyringsinstansane, og fremja ikkje forslag om innskrenking av odelskretsen.² Stortinget slutta seg til forslaget, men bad om at spørsmålet om å redusere odelskretsen måtte vurderast på nytt:

”Lovforslaget innebærer ikke endringer i odelskretsen, i tråd med odelslovutvalgets innstilling. Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Venstre, viser

¹ NOU 2003: 26 Om odels- og åsetesretten – kapittel 6.2.2

² Ot.prp. nr. 44 (2008-2009) kapittel 6.5.2.2

til at dagens ordning gir enkelte uheldige utslag, og ber Regjeringen se nærmere på odelskretsens omfang.”³

I *Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords* kapittel 10.4.4 drøfter Regjeringa endringer i odelskretsen med utgangspunkt i ovanfor nemnde forslag frå odelslovutvalet. Regjeringa foreslår endringer i odelskretsen slik at berre barn av eigar med odelsrett skal ha odelsrett (sjå alternativ b til utvalet ovanfor) og uttaler følgjande:

”Odelsretten er tradisjonelt en slektsrett. Dagens odelskrets bygger på dette. Slekstankegangen er i dag ikke like fremtredende som før – kjernefamilien er nå den vanligste familiefORMEN. Overdragelse av landbrukseiendom skjer i stor grad innenfor nær familie. Dette innebærer at den vide kretsen av odelsberettigede i hovedsak har praktisk betydning dersom familien velger å selge til en kjøper uten odelsrett. I slike tilfeller må det gjennomgående legges til grunn at de odelsberettigede har liten tilknytning til eiendommen. Regjeringen er på dette punktet enig med mindretallet i Odelslovutvalget. Det fremstår ikke som rimelig at odelsberettigede med fjern tilknytning til eiendommen skal kunne kreve eiendommen løst på odel når familien har valgt å selge den til en utenfor odelskretsen.

Regjeringen vil gjøre endringer i dette. En endring i odelskretsen må imidlertid vurderes i forhold til Grunnloven § 107 som fastsetter at odels- og åsetesretten ikke kan oppheves. De to første løsningene som ble skissert av odelslovutvalget bryter med tradisjonelle oppfatninger om odelsrett som en slektsrett. Dette gjelder særlig det alternativet som går ut på at bare siste eiers barn skal ha odelsrett. Dette alternativet ligner mer på en åsetesrett. Sett i lys av grunnlovsvernet ønsker Regjeringen ikke å foreslå denne løsningen. Utvalgets tredje løsning kan redusere problemet knyttet til at eldre personer bruker odelsrett for å sikre at fjernere slektninger enn dem som er nevnt i odelsloven § 8 skal få odelsrett. Departementet er imidlertid enig med flertallet i odelslovutvalget i at denne varianten kan gi tilfeldige og urimelige resultater. Far eller mor som har overtatt med odel kan for eksempel dø ved en ulykke før fem års eiertid har utløpt. Konsekvensen av regelen vil være at barna deres ikke lenger har

odel til slektsgården. Dette viser at det ikke er heldig å knytte eiertid til odelsretten. Regjeringen vil etter dette gå videre med det alternativet som innebærer at bare barn av odelsberettiget eier skal ha odelsrett. Alternativet innebærer at barn av nåværende og tidligere eiere beholder odelsretten. Søsken av nåværende eier vil for eksempel ha odelsrett dersom en av deres foreldre tidligere har eid eiendommen med odelsrett. Også dette alternativet krever imidlertid en avklaring i forhold til Grunnloven.

En innskrenking av odelskretsen må også vurderes i forhold til Grunnloven § 97, som setter forbud mot tilbakevirkning. Dette forbudet gjør det nødvendig å fastsette en overgangsregel som i tilstrekkelig grad sikrer rettigheter for dem som har odelsrett før en eventuell endring. Overgangssituasjonen innebærer at det kan ta tid før en endring i praksis er fullt ut gjennomført. I overgangsperioden vil det dessuten være to ulike regelsett. Departementet mener imidlertid at disse forholdene ikke bør være avgjørende for valget av om odelskretsen skal innskrenkes eller ikke, jf. at det vil være nødvendig med en overgangsregel som dette uansett når en eventuell lovendring gjennomføres.

Forholdet til de to grunnlovsbestemmelsene innebærer at selv om Regjeringen mener at odelskretsens omfang bør innskrenkes og foreslår en slik løsning, mener Regjeringen at de nærmere detaljene for hvordan innskrenkingen bør skje blir gjennomgått grundig forut for at forslaget blir sendt på høring.”

I *Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords* kapittel 10.6.3 går det òg fram at det er få søknader om odelsfrigjering av eige-dom som blir seld som tilleggsjord etter odelslova § 31, og at auka bruk av interpellasjon etter odelslova §§ 20-20 c⁴ gir grunn til å tru at det blir færre slike søknader. Det er òg uttalt at dersom odelskretsen blir innskrenka, er det grunn til å tru at talet går ytterlegare ned. Regjeringa konkluderer slik:

”Regjeringen mener etter en samlet vurdering at dersom odelskretsen innskrenkes, jf. forslaget i kapittel 10.4.4, vil odelsfrigjøring være aktuelt i så få saker at hensynet til regelforenk-

³ Innstilling O. nr. 90 (2008-2009)

⁴ Odelslova §§ 20-20c gir eigar anledning til å få avklart om eventuelle odelsrettshavarar vil bruke odelsretten sin der det er aktuelt å selje eige-dommen ut av odelslekta.

ling og ønsket om å redusere offentlig ressursbruk bør gå foran hensynet til den som har kjøpt tilleggsjord. Regjeringen vil fremme forslag om at bestemmelsene om odelsfrigjøring i forbindelse med kjøp av tilleggsjord oppheves.”

2.2 Høyringsforslaget

I *Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords* blei som nemnt odelslova § 8 foreslått endra slik at berre barn av eigar med odelsrett skal ha odelsrett, sjå nærare omtale i kapittel 2.1. Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet vurderte om forslaget kunne gjennomførast utan å kome i konflikt med Grunnlova § 107. Lovavdelinga var i tvil om barnebarn av ein eigar kunne fjernast frå odelskretsen og meinte at ”ein her er inne i ein hard kjerne av odelsinstituttet som er verna av Grunnlova § 107”, sjå nærare omtale i kapittel 4.1.1. I høyringsnotatet blei forslaget om innskrenking av odelskretsen derfor foreslått endra slik at etterkommarar etter odlaren berre får odelsrett dersom nokon av foreldra har eigd egedomen med odel. I tillegg foreslo departementet at barnebarn av siste eigar med odel skulle ha odelsrett. Departementet foreslo dessutan å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjøring av tilleggsjord til ein annan landbrukseigedom. Departementet foreslo i tillegg mindre lovendringar i odelslova §§ 16 fjerde ledd og 33 som ei nødvendig følgje av forslaga. Desse endringane er berre av lovteknisk art.

2.3 Høyringa

Landbruks- og matdepartementet sendte forslaget på høyring 23. januar 2013 til følgjande høyringsinstansar:

Departementa
Statens landbruksforvaltning
Fylkeskommunane
Fylkesmennene
Kommunane
Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS)
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Sametinget
Domstoladministrasjonen
Advokatforeningen
Bygdeungdomslaget
Den Norske Dommerforening
Jenter i Skogbruket
Norges Bondelag
Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Norges Bygdekvinnelag
Norges Eiendomsmeglerforbund
Norges Skogeierforbund
NORSKOG
Næringslivets Hovedorganisasjon

Departementet har motteke svar frå 61 høyringsinstansar. Følgjande instansar (10) har uttalt at dei ikkje har merknader til forslaget:

Arbeidsdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Fiskeri- og kystdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kyrkje- departementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Samferdselsdepartementet
Utanriksdepartementet
Hægebostad kommune

Følgjande (51) har hatt merknader til forslaget:

Justis- og beredskapsdepartementet
Statens landbruksforvaltning
Fylkesmannen i Aust-Agder
Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Vest-Agder
Fylkesmannen i Vestfold
Fylkesmannen i Østfold
Alvdal kommune
Birkesnes kommune
Bamble kommune
Dovre kommune
Eidsvoll kommune
Farsund kommune
Gaular kommune
Hemnes kommune
Hjelmeland kommune
Leksvik kommune
Lesja kommune
Lom kommune
Lyngdal kommune
Midtre Namdal samkommune
Norrdal kommune
Nord-Fron kommune
Oslo kommune
Rennebu kommune

Sandnes kommune
 Sel kommune
 Skjåk kommune
 Steinkjer kommune
 Stordal kommune
 Sør-Aurdal kommune
 Tvedestrand kommune
 Tynset kommune
 Vang kommune
 Vågå kommune
 Ørskog kommune
 Ålesund kommune
 Advokatforeningen
 Norges Bondelag
 Norges Bygdekvinne- og
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norges Eiendomsmeglerforbund
 NORSKOG
 Norges Skogeierforbund

Forslaget om å innskrenke odelskretsen har fått brei støtte blant høyringsinstansane. Mange av dei sluttar seg til grunngevinga i høyringsnotatet. Andre har gitt kommentarar som stadfester dei samfunnsmessige forholda som ligg til grunn for forslaget.

Tilhøvet til Grunnlova § 107 er lite kommentert. Eit par høyringsinstansar meiner at forslaget ikkje har god nok grunngeving for å rettferdiggjere endringa slik at ho kjem klar av vernet i Grunnlova § 107.

Høyringsinstansane er delte i spørsmålet om å oppheve føresegna om odelsfrigjeri av tilleggsjord i odelslova § 31. Enkelte meiner at moglegheita til å søkje odelsfrigjeri etter § 31 tek vare på viktige samfunnsomsyn og er ein sikkerheitsventil. Eit fleirtal av høyringsinstansane sluttar seg likevel til departementets forslag.

Fleire kommunar har hatt problem med å få tid til politisk behandling av høyringsnotatet. Nokre har søkt om forlenga høyringsfrist. Departementet har ikkje gitt utsett frist, men har teke omsyn til innspel som har kome inn etter fristen så langt det har late seg gjere. Kommunane blei bedne om å sende inn innstillinga, og deretter det politiske vedtaket så snart det låg føre. Av 31 kommunar, har 21 kommunar hatt politisk behandling.

3 Gjeldande rett

3.1 Innleiing

Odelsretten er regulert i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova) og er

ein privatrettsleg særrett for den slekta som gjennom ei viss tid har hatt tilknytning til ein landbruks-eigedom. Fast eigedom som oppfyller krava i odelslova § 2 blir kalla odlingsjord, sjå odelslova § 1 første ledd. Eigedomar som det kviler odel på blir kalla odelsjord, sjå § 2 andre ledd. Etter § 2 andre ledd kan ein eigedom reknast som odlingsjord når fulldyrka eller overflatedyrka jord på eigedomen er over 25 dekar, eller det produktive skogarealet på eigedomen er over 500 dekar. Med til arealgrunnlaget blir rekna del i realsameige som ligg til eigedomen.

Odelsretten er ein slektsrett som byggjer på at etterkommarane til odlaren i ei viss rekkefølge skal ha fortrinnsrett til eigedomen. Kjernen i odelsretten er at ein odelsrettshavar kan krevje odelsløysing dersom eigedomen blir seld ut av slekta eller til ein odelsrettshavar med dårlegare odelsprioritet enn han sjølv har.

Odelskretsen tek utgangspunkt i slektskapen med odlaren. Ved førebuinga av odelslova foreslo mange i staden å avgrense kretsen ut frå slektskapen med den aktuelle eigaren. Dette ville gi ein sterkt fleksibel odelskrets – nokre ville miste og andre ville få odelsrett kvar gong det skjedde eit eigarskifte. Forslaget blei ikkje følgt opp fordi prinsippet har vore at den som er fødd med odelsrett, ikkje mister retten sin utan å ha hatt høve til å gjere han gjeldande. Eit viktig unntak frå dette prinsippet er reglane om odelsfrigjeri. Odelsfrigjeri inneber at alle odelsrettshavarar til ein odelseigedom mister odelsretten sin. Dei første reglane om odelsfrigjeri fekk vi i lov 16. juli 1907 (*odelsfrigjeringslova*). I gjeldande odelslov er odelsfrigjeri regulert i kapittel VIII (§§ 30-33).

3.2 Odelsretten og grunnlovsvernet

Odelsrett til eigedom har vore lovfesta og har blitt praktisert i Noreg i over tusen år. Ein finn mellom anna reglar om odelsrett i Magnus Lagabøtes landslov av 1274, Christian IV's Norske Lov av 1604 og Christian V's Norske Lov av 1687. Lovgevinga var prega av eit ønske om å bremse på ein aukande eigedomsovergang frå bønder til kyrkje og stormenn. Odelsretten blei mykje kritisert, særleg av dei som hadde mykje eigedom frå før, og fleire kravde at odelsretten måtte avskaffast. Grunngevinga for odelsretten sto seg, og blei beskytta i Grunnlova i 1814 for å hindre oppkjøp av gardar frå "Adels- og Pengearistrokraterne", og for å sikre eit samfunn av sjølvstendige småbønder.⁵

Grunnlova § 107 seier:

”Odels- og Aasædesretten maa ikke ophæves. De nærmere Betingelser, hvorunder den, til største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen, skal vedblive, fastsættes af det første eller andet følgende Storthing.”

Det går fram av føresegna at odels- og åsetesretten ikkje må opphevast, men det skal vere opp til Stortinget å gi nærare føresetnader ”til største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen”. Omgrepet ”landalmuen” er dansk. I samsvar med nettutgåva for Ordbog over det danske sprog (historisk ordbog 1700-1950) sikter ein til ”den paa landet boende almue”, og med ”almue” meiner ein ei befolkning.⁶

Ny odelslov blei vedteken 26. juni 1821. Lova oppheva alle eldre lovbod om odelsrett og åsetesrett. Odelsretten var framleis omstridd. På 1800-talet kom fleire forslag om å oppheve Grunnlova § 107, men ingen av dei fekk nødvendig fleirtal.

I 1971 blei spørsmålet om odelsretten bør oppretthaldast drøfta av Sivillovbokutvalet. Utvalet peikte på at hovudinnhaldet i odelsretten ligg i løysingsretten for slekta og vissheita om at eigedomen går vidare til etterkommarane. Utvalet fant at det var sterk overvekt av grunnar som talte for å oppretthalde odelsretten. Dei uheldige konsekvensane ved odelsretten meinte ein kunne imøtegåast ved justeringar i lova.⁷ I 2003 blei odelsretten drøfta på ny av odelslovutvalet, sjå NOU 2003:26 Om odels- og åsetesretten. Utvalet peikte på fleire fordelar ved odelsretten, mellom anna at han gir eit betre landbruk, han bidrar til at gardbrukaren blir sjølveigar, han bidrar til riktig eigedomsstruktur, han bidrar til å halde oppe busetjinga og han bidrar til likestilling. Fleirtalet i utvalet meinte at ein bør halde på odelsretten mellom anna fordi han sikrar langsiktig planlegging og stabilitet i næringa.⁸

3.3 Odelskretsen

For å få odelsrett må nokon av foreldra, besteforeldra eller søsken av foreldra ha eigd heile eigedomen med odel, det vil seie ikkje berre ein sameigepart. Unntak gjeld likevel for felles etterkommarar av sameigarane. Desse barna kan ta over ein

⁵ NOU 1972: 22 Rådsegn 10 – Om odels og åsetesretten – kapittel 1 A 9

⁶ Sjå <http://ordnet.dk/ods/>

⁷ Sivillovbokutvalget blei oppnemnt ved kgl.res. 10. april 1953 med oppdrag å utarbeide utkast til kodifikasjonslover for tingsretten og panteretten samt utkast til ny lovgiving om odels- og åsetesretten.

⁸ NOU 2003: 26 Om odels- og åsetesretten - kapittel 12

eigedom på odel og der foreldra eller besteforeldra har vore sameigarar. Odelslova § 8 første ledd seier:

”Utanom odlaren får også etterkommarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har ått heile eigedomen med odel. For etterkommarar av sameigaren med odelsrett krevst det likevel ikkje at foreldra eller besteforeldra som har odelsrett har ått heile eigedomen.”

Odlaren er den som har eigd odlingsjord med full eigedomsrett i 20 år, sjå odelslova § 7. Dersom eigedomen går over til ny eigar i rett nedstigande linje før odelshevdstida er ute, kan eigartidene reknast saman, sjå odelslova § 10. Dersom odlaren dør utan etterkommarar, fell odelsretten bort. Kretsen blir avgrensa nedover til barnebarn, og til nevøar og nieser i sidelinjer. Personar som i utgangspunktet fell utanfor odelskretsen kan få odelsrett som følgje av eigedomsovergang til ein annan innan kretsen. Dette blir kalla refleksodel.

3.4 Odelsfrigjering

3.4.1 *Odelsfrigjering av eigedom som skal brukast som tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom*

Den som har kjøpt ein eigedom som skal brukast som tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom, kan søkje om odelsfrigjering. Vilråra for å odelsfrigjere slik eigedom går fram av odelslova § 31:

”I den mon odelsrett vil kunne skiple ei eigedomstileigning som departementet har godkjent av di kjøparen bør få tilleggsjord, kan departementet fri slik jord for eldre odelsrett. Odelsfrigjering kan skje når det ikkje er tvil om at omsynet til odelsrettshavarane må vike av di eigedomstileigninga inneber ei god driftsmessig løysing.”

Føresegna gjeld der nokon har teke over tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom, og der odelsretten kan hindre at overtakinga blir gjennomført. Det er òg ein føresetnad at departementet har godkjent kjøpet fordi kjøparen bør få tilleggsjord.

Vilkåret om at kjøpet skal vere godkjent kan for eksempel vere oppfylt dersom kjøparen har fått konsesjon på overtakinga, eller det er gitt delingsløyve med det formålet at det som blir frådelt skal bli tilleggsjord. Det må gå fram av vedtaket at løyvet er gitt fordi kjøparen bør få tilleggs-

jord. Føresegna er eit juridisk verkemiddel som forvaltinga kan bruke for å nå målet i jordlova om å skape ein tenleg, variert bruksstruktur, mellom anna ut frå omsynet til å få driftsmessig gode løysingar.

Odelsfrigjering inneber at kvar og ein av odelsrettshavarane på tidspunktet for vedtaket, mister odelsretten sin. Dette er eit inngripande vedtak. Ein kan berre frigjere ein eigedom for odel når ”det ikkje er tvil om at omsynet til odelsrettshavarane må vike fordi eigedomstileigninga inneber ei god driftsmessig løysing”. Søknader om odelsfrigjering blir avgjorde etter ei brei vurdering der mellom anna omsynet til odelsrettshavarane skal avvegast mot rasjonaliseringsgevinsten som kan oppnåast ved det frivillige kjøpet. I den konkrete vurderinga er dei relevante momenta mellom anna kva slags tilknytning til eigedomen odelsrettshavaren har hatt og om vedkommande har hatt ei velgrunna forventning om å overta eigedomen.

3.4.2 Odelsfrigjering til andre formål enn tilleggsareal til landbrukseigedomar

Dersom staten eller ein kommune har teke over eller vil ta over odelsjord og særlege grunnar taler for at odelsrett ikkje bør vere til hinder, kan det takast avgjerd om odelsfrigjering, sjå odelslova § 30 første ledd. Har nokon frivillig late frå seg alt eller noko av odelsjorda, kan slik jord frigjerast for odel når overtakaren søker om det, og det må reknast med at eit tilsvarende oreigningsinngrep, ville ha blitt gjort i fall partane ikkje hadde blitt samde, sjå odelslova § 32 andre ledd.

3.4.3 Saksbehandlinga

Det er gitt reglar om behandling av odelsfrigjeringsaker i odelslova § 33 og i *Forskrift om saksbehandling i saker om odelsfrigjering etter odelslova § 30 til § 32* av 11. februar 2011. Det går her fram at søknad om odelsfrigjering skal setjast fram innan to månader etter at stemning i løysingssak blei forkynt for eigaren. Kommunen skal straks søknaden er motteken gi odelsrettshavarane høve til å uttale seg om spørsmålet om odelsfrigjering. Når kommunen har innhenta dei nødvendige opplysningane, skal kommunen avgjere om dei formelle vilkåra for odelsfrigjering er oppfylte. Kjem kommunen til at vilkåra er oppfylte, skal kommunen varsle retten og be om at odelsløysingssaka blir stansa. Kommunen skal òg uttale seg om sitt syn på spørsmålet om odelsfrigjering (realiteten) og sende saka til Fylkesmannen som avgjer spørsmålet om odelsfrigjering. Vedtaket til Fylkesman-

nen kan påklagast til Statens landbruksforvaltning.

4 Departementets vurderingar og forslag til endringar

4.1 Forslag om innskrenking av odelskretsen

4.1.1 Høyringsforslaget

Som nemnt i kapittel 2.2 var forslaget i *Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords*, at berre barn av eigar med odelsrett kan ha odelsrett. I brev av 13. mars 2012, bad departementet Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet vurdere om dette forslaget kunne gjennomførast utan å kome i strid med Grunnlova § 107. I brev av 9. oktober 2012 skriv Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet:

”Odelskretsen må etter vårt syn kunne innskrenkast på lik linje med andre sider av odelsretten, til dømes kva for eigedomar som er underlagde odelsrett. På den andre sida må det gå ei grense for kor sterke avgrensingar som her kan fastsetjast utan at ein i realiteten må seie at odelsretten blir oppheva og ein dermed kjem i strid med Grunnlova § 107.

Etter vår vurdering er det ikkje grunnlag for å seie at det vil vere i strid med Grunnlova § 107 å fjerne nevøar og nieser frå odelskretsen. Dei som etter i dag berre kan byggje odelsrett på at ein onkel eller ei tante har eigd eigedomen med odel, har gjennomgåande ei meir perifer tilknytning til eigedomen og sjeldan ein posisjon som gjer at ein kan basere framtida på at ein skal overta eigedomen, og livnære seg som gardbrukar.

Vi er meir i tvil når det gjeld barneborn av ein eigar. Det kan vere praktisk at eit barn til det eldste barnet av eigaren tek sikte på å overta eigedomen og drive han, til dømes ved å utdanne seg innanfor landbruk. Dersom barnebarnet ikkje har eigen odelsrett, må det stå tilbake for syskena til forelderen, og dersom eigaren overfører eigedomen direkte til barnebarnet, må det til dømes finne seg i at onklar eller tanter løyser eigedomen på odel. Det er mogleg at ein her er inne i ein hard kjerne av odelsinstituttet som er verna av Grunnlova § 107. Dette gjeld særleg dersom forelderen er avliden, men kan òg gjelde i andre høve der ein ikkje kan ordne seg slik at eigedomen vert

overført først til forelderen og så til barnebar-net.”

På bakgrunn av denne uttalen foreslo departementet at berre barn av eigar med odelsrett, samt barnebarn av siste eigar med odelsrett, skal ha odelsrett. Odelskretsen vil etter forslaget omfatte barn av både nåverande og tidlegare eigarar. Tabellane 1-3 nedanfor viser ei skjematisk oversikt over kven som har odelsrett gjennom eigarskifte i tre generasjonar, og kven av desse (markert med overstreking) som mister odelsretten med lovforslaget.

Tabell 4.1 Første generasjon (Odlar eig eige-
domen)

ODLAR			
A		B	
Aa	Ab	Ba	Bb

Så lenge odlaren eig eige-
domen, skjer det ingen
endringar i odelskretsen. Sjå tabell 4.1.

Tabell 4.2 Andre generasjon (A har overteke eige-
domen)

ODLAR			
A		B	
Aa	Ab	Ba	Bb
Aa1	Aa2	Ab1	Ab2

Når eine barnet til odlaren (A) tek over eige-
domen, får barnebarna til A òg odelsrett. Samtidig er
barna til B ikkje lenger barnebarn av siste eigar.
Dette fører til at dei mister odelsretten. Sjå tabell
4.2.

Tabell 4.3 Tredje generasjon (Aa har overteke
eige-
domen)

ODLAR			
A		B	
Aa	Ab	Ba	Bb
Aa1	Aa2	Aa1	Ab2
Aaa	Aab		

Når A sitt barn, Aa, tek over eige-
domen, får barne-
barna til Aa odelsrett. Samtidig mister A sine barne-
barn, Ab1 og Ab2, odelsretten. Sjå tabell 4.3.

4.1.2 Høyringsinstansane

Forslaget om å innskrenke odelskretsen har fått
brei støtte. Alle høyringsinstansane, med unntak
av *Norsk Bonde- og Småbrukarlag*, støttar forsla-
get. Sjølv om forslaget har fått brei støtte, er nokre
få høyringsinstansar likevel noko skeptiske til å
fjerne nevøar og nieser frå odelskretsen.

Ørskog kommune meiner innskrenkinga av
odelskretsen fører til at odelslova i realiteten går
frå å vere ei slektslov til å bli ei familielov:

”Odelslova var i utgangspunktet ei ”slektslov”
som la opp til at jordeigedom skulle forbli i
slekta og slekta var breidt definert. ... Med det
framlegget som no ligg føre, vil lova bli meir i
retning av ei ”familielov”.

I høyringsnotatet prøver departementet å
underbygge behovet for endring, men det er
vanskeleg å finne argument som er knytt til
problem med odelskretsen slik den er i dag.
Det er til dømes ikkje vist til om eller i kor stor
grad nevøar og nieser nyttar odelsretten sin.
Odelslovutvalet viser i si utgreiing generelt til
at bruken av odelsrett har gått tilbake siden
1970 talet.”

Norges Skogeierforbund peiker på at det kan vere
planlagt at ein nevø eller ei niese med odelsrett
skal overta eige-
domen:

”Norges Skogeierforbund vil imidlertid peke
på at det sannsynligvis er et betydelig antall til-
feller der det er planlagt at nieser eller nevøer
skal overta en landbrukseiendom. Dette kan
være forberedt bl.a. gjennom at niesen/nevøen
har tatt relevant utdanning. Selv om ingen med
bedre odelsrett har til hensikt å overta eien-
dommen, kan de foreslåtte endringene gjøre
det lønnsomt for direkte arvinger å selge til
andre enn den aktuelle niesen eller nevøen.”

Norges Bondelag gir òg uttrykk for skepsis mot å
innskrenke odelsretten. Først og fremst er skepsi-
sen grunna i at grunnlovsvernet ikkje er godt nok
greidd ut:

”Norges Bondelag mener at Landbruks- og
matdepartementets forslag om innskrenkning
av odelskretsen er betenkelig nær odelsinsti-
tuttets kjerne. En lovendring av denne karakter
setter derfor ekstra store krav til vurderingen i
forhold til Grunnloven § 107 og til en overbevi-
sende begrunnelse for at endringen er påkre-
vet i lys av «... nye sosiale eller økonomiske for-

hold ...», jf Rt 1948 s 1147, og «... til største nytte for Staten [samfunnet] og Gavn for Landalmuen [landbruksnæringen]». Norges Bondelag mener at lovforslaget ikke er vurdert og begrunnet på en tilstrekkelig måte i forhold til Grunnloven § 107.

Under forutsetning av at lovgiver vurderer og finner at de samlede endringer i odelsretten over lengre tid, ligger innenfor det som er lovlig i forhold til Grunnloven § 107, og at lovgiver vurderer og finner at endringen er «... til største nytte for Staten og Gavn for Landalmuen», vil Norges Bondelag støtte lovforslaget.”

Dei andre høyringsinstansane sluttar seg fullt ut til forslaget. Høyringsuttalane viser at dei stort sett legg vekt på at odelsretten først og fremst bør gjelde for dei med tilknytning til eigedomen. *Fylkesmannen i Vestfold* seier det slik:

”I henhold til departementets forslag bør odelsloven bli mer tidstilpasset ved at odelsretten blir forbeholdt de etterkommerne av odlaren, som har vokst opp på gården, og de som har sett sine foreldre/besteforeldre drive og forvalte eiendommen.”

Alvdal kommune konstaterer at odelsretten ofte gjer at jordbruksarealet blir eigd av nokon i odelslekta i lang tid utan at eigaren er aktiv næringsutøvar:

”Derfor bør odelsretten begrenses til kun å gjelde forholdet mellom eier av jordeiendommer i aktiv drift til første slektsledd (barn) etter denne. For alt annet eierskap av jordbruksjord og for øvrige odelsrettshavere etter dagens lovbestemmelser oppheves odelsretten.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at når dei med fjern tilknytning til eigedomen overtek, aukar sjansen for at eigedomen blir ein fritidseigedom og at leigejorda aukar:

”I vårt fylke er det mange små odelseigedomar, med svært avgrensa produksjons- og avkastningsevne. På mange av desse eigedomane vert produksjonsareala allereie i dag drivne ved bortleige. Vi torer påstå at dess vidare odelskretsen er, og dess sterkare vern retten har, dess større vert andelen leigejord... ei avgrensing av odelskrinsen vil også kunne motverke ei utvikling i retning av at odelsretten i praksis vert eit lovverna høve til å skaffe seg attraktive

fritidseigedomar med ulike rettar i inn- og ikkje minst i utmark.”

Fylkesmannen i Rogaland peiker òg på behovet for å auke omsetjinga av tilleggsjord og å sleppe nye krefter til:

”Det er mange som har behov for tilleggsjord, og vi opplever at det er relativt mange som ønskjer å kjøpe landbrukseigedom. Desse har som oftast vakse opp på gard, har landbruksutdanning og/eller har drive gard i fleire år. Ei slik innskrenking i odelskretsen som foreslått vil etter vår vurdering kunne bidra til økt omsetning av landbrukseigedomar, og slik bidra til framtidig busetting og drift på eigedomen som er mest hensiktsmessig for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket, jf. jordlova § 1. Det er særleg viktig å rekruttere dei som har vilje og kompetanse til å drive innan landbruk, meir enn om dei faktisk har odel til eigedom.”

Mange kommunar, mellom dei *Lom*, *Lesja*, *Skjåk* og *Dovre*, skriv om etterspørselen etter landbrukseigedomar:

”Etter kommunane si vurdering vil dei foresegne endringane vere gunstig for å få større utbod av landbrukseigedommar. Det er eit uttrykt ønskje i og med at ein veit at der er interesse i å kome inn i næringa frå personar utan gardstilknytning.”

Norges Bygdekvinnelag peiker på behovet for nye etableringar:

”En begrensning i odelskretsen som foreslått innebærer at man fortsatt ivaretar hensynet til overtagelse og videre drift innenfor nær familie. Samtidig åpner dette for nyetableringer i næringen og større muligheter for personer og familier som ønsker å etablere seg i distriktene og drive jordbruksproduksjon. ... det er viktig å sikre rekruttering til landbruksnæringen...”

Andre høyringsinstansar trekkjer òg fram andre tilhøve som støttar forslaget. *Fylkesmannen i Nord-Trøndelag* peiker på at behovet for odelsretten har vore dalande og uttaler:

”Tallet på avhendinger som har skjedd til personer med odelsrett har også vært dalende siden 1970. Dette innebærer også at odelsretten som begrunnelse for at den i første rekke

skal sikre vidare drift av eiendommen derfor ikke har like stor gyldighet lenger.”

Farsund kommune seier at forslaget vil auke medvitet blant dei som har odelsrett og bidra til at forvaltninga av landbrukseigedomar blir meir langsiktig.

Norges Eiendomsmeglerforbund peiker på at den vide odelskretsen og reglane for odelsløyising er ei utfordring for både kjøpar og seljar av eiendomen.

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår ei lovteknisk justering av lovforslaget:

”Etter framlegget til endringar i odelskrinsen skal etterkomarane til odlaren ha odelsrett, dersom nokon av foreldra har ått heile eiendommen med odel. Som eit nytt andre punktum i odelslova § 8 fyrste ledd, følgjer det at i tillegg skal barneborn av siste eigar med odel ha odelsrett. Denne oppstillinga skapar eit inntrykk av at ein no skal operere med ein hovudregel og ein tilleggsregel om odelsrett. Noko slikt har aldri vore systemet i odelslova. Spørsmålet er for det fyrste kven som har odelsrett, og så må det avgjerast kven som har best prioritet av desse. Prioritetsspørsmålet er regulert i odelslova § 12. Odelslova § 8 bør derfor formulerast slik at alle odelsrettshavarane står fram som likestilte. Dette kan til dømes gjerast ved at § 8 fyrste ledd fyrste punktum kan lyde:

Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett, dersom nokon av foreldra har ått heile eiendommen med odel, eller nokon av besteforeldra er siste eigar av heile eiendommen med odel.”

4.1.3 Departementets vurderingar

4.1.3.1 Utgangspunkt – tilhøvet til Grunnlova

Odelsretten har lange tradisjonar i Noreg og har vore beskytta i Grunnlova frå 1814. I 1814 skulle odelsretten hindre oppkjøp av eiendom og sikre ein sjølvstendig bondestand. Ein slik funksjon har odelsretten framleis, men ikkje i same grad. Departementet meiner at det for landbruket er viktig å halde på odelsretten. Eit levedyktig landbruk er avhengig av stabilitet og planlegging på lang sikt. Odelsretten sikrar stabilitet og fører til ei meir langsiktig forvaltning av landbrukseigedomar ved at bøndene ser investeringar i eit perspektiv over fleire generasjonar. For den som skal overta eiendommen for å drive han vidare, gir odels-

retten tryggleik for at han eller ho kan satse på ei landbruksutdanning og eit yrke innan landbruket.

Departementet meiner at odelsretten òg kan ha visse uheldige sider. Odelsretten kan føre til at personar utan tilknytning til eiendomen og drifta overtek eiendomen på odel. Dette kan få konsekvensar for ei god landbruksmessig utnytting av eiendomen. Odelsretten kan òg hindre at eigedomar kjem ut på sal. På den måten kan odelsretten gjere det vanskeleg å få friske krefter inn i næringa, eller for ein nabo å få kjøpt tilleggsjord.

Slike avvegingar ligg til grunn for at departementet ønskjer ei innskrenking av odelskretsen. Grunnlova § 107 set forbod mot å oppheve odelsretten, men overlet til Stortinget å fastsette korleis dei nærare reglane skal vere. Grunnlova er såleis ikkje til hinder for å endre reglane i odelslova. Ei endring må likevel ikkje vere slik at odelsretten som rettsinstitutt ikkje lenger kan seiast å vere til ”største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen”. Fleire tidlegare lovendringar har sidan Grunnlova blei vedteken, innskrenka odelsretten ut frå omsynet til endringar i samfunnet. Eitt eksempel er odelsfrigjeringslova frå 1907 som førte til at mange odelseigedomar blei frigjorde for odel for å skape areal til ein veksande industri. Høgsterett uttalte i ein plenumsdom frå 1948: ”Det har tidlegare vært og vil også i fremtiden bli behov for å gjøre endringer i odelsloven, ettersom nye sosiale og økonomiske forhold krever det”, sjå Rt. 1948 s. 1147.

Departementet legg til grunn at grunnlovsvernet for odelsretten ikkje er til hinder for at det kan gjerast tilpassingar i lova, til ”største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen”.

4.1.3.2 Odelsretten og omsynet til stabil drift

Ei viktig side ved odelsretten er at han kan bidra til å sikre drifta av eiendomen i tida framover. Som nemnt i kapittel 4.1.3.1 er eit levedyktig landbruk avhengig av stabilitet og planlegging på lang sikt. Odelsrett til personar som har lita tilknytning til eiendomen og landbruksdrifta, sikrar ikkje nødvendigvis dette formålet. Odelslovutvalet peiker i si utgreiing nettopp på tilknytning når utvalet kjem til at odelsretten gir eit betre landbruk:

”Bakgrunnen for dette ligger i den følelsesmessige tilknytning til gården, og at den sikkerhet og forutberegnelighet som odelsretten gir, skaper grobunn for et godt landbruk: Den best prioriterte kan og vil forberede seg på overtagelse – gjennom arbeidserfaring og teoretisk utdanning.”⁹

Departementet meiner dette som hovudregel vil gjelde personar som har vakse opp på eigedomen. Som oftast vil dette vere barna til eigaren. Dei fleste høyringsinstansane peiker òg på at odelsretten bør gjelde dei personane som har vakse opp på eigedomen og derfor har sterkast tilknytning til han.

Odelslovutvalet legg til grunn at dei som har vakse opp på gard, som hovudregel vil ha fått praktisk opplæring og innsikt i gardsarbeid som andre ikkje har. Utvalet peiker òg på at dei som har vakse opp på gard oftare har landbruksutdanning.¹⁰

Odelsrettshavar utanom nær familie vil ofte ha lita tilknytning til garden og drifta. Dette kan svekkje motivasjonen til å ha garden som bustad og arbeidsplass. Mange av dei som har låg odelsprioritet vil heller ikkje innstille seg på å drive familiegarden. Odelsrett til fjernare slektningar kan vise seg å gi "eit lovverna høve til å skaffe seg attraktive fritidseigedomar" slik Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er inne på.

Overføring av landbrukseigedomar skjer i stor grad til nokon i nær familie som har vakse opp på garden. Når det ikkje er nær familie som vil overta, må det reknast med at omsynet til stabil drift og busetjing på eigedomen framover best blir varetatt ved at eigaren sjølv velgjer kven han eller ho vil selje til.

Dette er tilhøve som talar for at odelskretsen bør avgrensast slik at det blir dei som i utgangspunktet har vakse opp på eigedomen som har odelsrett.

Innskrenkinga i odelskretsen vil ikkje føre til reelle endringar for nieser eller nevøar i dei situasjonane der det er planlagt at han eller ho skal ta over eigedomen, slik Norges Skogeierforbund peiker på. Dei vil òg i dag måtte stå tilbake for andre med betre odelsrett. Dersom det ikkje er andre odelsrettshavarar til eigedomen, vil ei niese eller ein nevø alltid kunne ta over garden dersom eigaren ønskjer å selje til dei.

Nokre høyringsinstansar hevdar at nevøar og nieser òg kan ha eit nært tilhøve til eigedomen. Departementet er samd i dette, men kan likevel ikkje sjå at personar som berre unntaksvis har ei sterk tilknytning til eigedomen, bør ha odelsrett.

4.1.3.3 *Fleire eigedomar på sal*

Eit levedyktig landbruk er òg avhengig av ein vel fungerande marknad for omsetjing av landbrukseigedomar. På den måten kan dei som vil satse på landbruk få moglegheit til å kome inn i næringa,

og dei som er avhengig av leigejord kan få kjøpt tilleggsjord

Undersøkingar viser at det mange stader er fleire som etterspør landbrukseigedomar enn det er eigedomar til sals. Mange høyringsinstansar viser òg til at det er stor etterspørsel etter landbrukseigedomar, og at det er viktig med auka omsetjing både av gardsbruk og av tilleggsjord.

Odelslovutvalet seier at "det må kunne konstateres at odelsretten i mange tilfeller virker til å opprettholde den eksisterende eierstruktur slik at varig etablering av større driftsenheter blir vanskeligere".¹¹ Det er eit landbrukspolitisk mål at eigar og brukar skal vere den same. Statistikken viser likevel at leigejorda aukar. I 2008 var 39,9 % av det dyrka arealet leigd areal. I 2011 hadde det leigde arealet auka til 42,5 %. Eit stort og varig omfang av jordleige inneber ei vesentleg endring i bruksstrukturen i høve til tidlegare. Ei slik endring kan auke risikoen for at landbruksareala sine produksjonsegenskapar blir svekka og har derfor òg samanheng med jordvern. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hevdar at "dess vidare odelskretsen er, dess større vert andelen leigejord". Dagens odelskrets kan med andre ord vere med å leggje til rette for aukande passivt eigarskap.

Departementet er einig med Fylkesmannen i Rogaland som peiker på behovet for å rekruttere dei som har vilje og kompetanse til å drive innan landbruksnæringa. Auka omsetjing vil gi moglegheit for å få nye motiverte næringsutøvarar inn i landbruket. Dette kan bidra til framtidig busetjing og drift på eigedomen og vere viktig for den langsiktige utviklinga og forvaltninga av eigedomen. Det kan òg gi positive ringverknader i lokalsamfunnet. Det er dessutan mange som er avhengig av leigejord og som ønskjer å kjøpe landbrukseigedom for å ha eit tryggare grunnlag for drifta. For å få dette til er det òg nødvendig at det er landbrukseigedomar til sals.

Departementet legg etter dette til grunn at odelsretten i enkelte tilfelle kan hindre sal og såleis gjere det vanskeleg å få friske krefter inn i næringa. Odelsretten kan dessutan hindre ønskelege rasjonaliseringar i landbruket og på den måten bidra til å halde oppe eit landbruk basert på mykje leigejord.

4.1.3.4 *Oppsummering og forslag til endringar*

Odelsretten verkar ekskluderande på dei som ikkje har odelsrett. Retten bør derfor ikkje oppretthaldast i større utstrekning enn kva ein kan

⁹ NOU 2003: 26 Om odels- og åsetesretten– kapittel 12.3.2.a

¹⁰ NOU 2003: 26 kapittel 5.2.2.

¹¹ NOU 2003: 26 Om odels- og åsetesretten– kapittel 5.3.3

leggje til grunn er til gagn for samfunnet, landbruket og for yrkesutøvarane i landbruket.

Norges Bondelag hevdar at forslaget til endring, trass i vurderinga til Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet, ikkje har god nok grunngeving i lys av Grunnlova § 107. Ørskog kommune har òg etterlyst betre grunngeving for forslaget. Landbruks- og matdepartementet meiner etter dei vurderingane som er gjort ovanfor, at forslaget er godt grunnlagt og foreslår å innskrenke odelskretsen slik at berre barn av eigar med odelsrett, og barnebarn av siste eigar med odelsrett, skal ha odelsrett. Odelsretten blir såleis i behald for dei som gjennomgåande har sterkast tilknytning til eigedomen, medan dei med fjernare tilknytning mistar retten sin. Ei slik endring vil føre vidare dei positive sidene ved odelsretten samtidig som endringa kan føre til auka omsetjing av landbrukseigedomar og vere til gagn for samfunnet, landbruket og yrkesutøvarane i landbruket. Departementet legg såleis til grunn at endringa vil vere til ”største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen”, og derfor vil liggje innanfor rammene i Grunnlova § 107.

Når det gjeld barnebarn av siste eigar, vil desse ofte ikkje ha vakse opp på eigedomen. Det vil likevel kunne vere situasjonar der det kan vere gode grunnar for å planleggje slik at eigedomen blir overdratt direkte til eitt av dei. Det vil ikkje vere rimeleg at dei må stå tilbake for ei tante eller ein onkel med odelsrett.

Forslaget hindrar ikkje såkalla refleksodel, men slik odel vil etter forslaget oppstå i høve til nærare slekt enn etter gjeldande odelslov, sjå tabell 4.2 og 4.3 i kapittel 4.1.1. Barn av søsken til eigaren (Ba og Bb) vil ikkje lenger ha odelsrett, men odelsretten til eigaren (A) sine søsken (B) er i behald. Dersom barnet til A ønskjer å selje heile eller delar av eigedomen ut av slekta, vil B kunne bruke odelsretten sin. Da vil barna til B òg ha odelsrett. B sine barn vil som oftast ikkje ha vakse opp på eigedomen. Departementet ser at dette ikkje treng å gi noko god løysing i alle saker, men ser likevel ikkje tilstrekkeleg grunn til å gi reglar som hindrar refleksodel.

Departementet har vurdert om det er behov for endringar i andre føresegner som følgje av innskrenkinga i odelskretsen. Odelslova §§ 12 og 14 (begge første ledd) regulerer prioriteten til odelsrettshavarane slik at eldre søsken går føre yngre med seg og si linje. Føresegna gjeld tilhøva mellom søsken som står i posisjon til å overta ein odelseigedom. I tabell 4.1 er tilhøvet mellom A og B det same som etter gjeldande rett. Tilsvarende

gjeld tilhøvet mellom Aa og Ab i tabell 4.2, og Aa1 og Aa2 i tabell 4.3. Departementet meiner derfor det ikkje er nødvendig å gjere endringar i §§ 12 og 14.

Sjølv om det er behov for å gjere innskrenkingar i odelskretsen, ser departementet ingen grunn til å gjere endringar i reglane om odelshevdstida (odelslova § 10 - *Odelshavdstid ved eigarskifte i hevdstida*). Behovet for endringar er i første rekke knytt til situasjonen når eigedomen har blitt odelseigedom.

4.2 Forslag om å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering

4.2.1 Høyringsforslaget

Ut i frå omsynet til regelforenkling og ønsket om å redusere offentleg ressursbruk foreslo departementet å oppheve odelslova § 31 som gir heimel for odelsfrigjering av areal som skal brukast som tilleggsareal til landbrukseigedomar.

4.2.2 Høyringsinstansane

Totalt 50 høyringsinstansar har gitt uttale om odelsfrigjering. Dette gjeld eitt departement, 12 fylkesmenn, 29 kommunar og åtte organisasjonar. Dei fleste høyringsinstansane er samstemte i at det er få slike saker til behandling i året. *Birkenes kommune* seier mellom anna at føresegna ikkje har vore brukt i kommunen dei siste 25 åra. Høyringsinstansane er delte i spørsmålet om føresegna bør opphevast. Fleirtalet (35) er einige med departementet i at føresegna bør opphevast.

Dei andre høyringsinstansane som støtta forslaget, sluttar seg stort sett til departementets grunngeving. *Fylkesmannen i Aust-Agder* seier blant anna:

”Fylkesmannen peiker på at det hovudsakleg er når ein fjernare odelsrettshavar er saksøkar at det er aktuelt å frigjere ein eigedom for odel. Hvis odelskretsen vert innskrenka som foreslått ovanfor, vert det då også mindre trong for odelsfrigjering. Fylkesmannen er einig med departementet i at dette er ressurskrevjande saker kor ressursbruken ikkje alltid står i høve til det ein oppnår. Dette kan i nokon grad samliknast med den situasjonen ein hadde med praktiseringa av staten sin forkjøpsrett, og som vart oppheva i 2004 med ei liknande grunngeving.”

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag peiker òg på at det er vanskeleg å seie noko sikkert om utfallet av søknader om odelsfrigjering:

”Denne sakstype utgjør et relativt beskjedent antall saker, og som i all hovedsak avsluttes med en klagesaksbehandling i SLF. Utfallet av slike saker er erfaringsmessig også lite forutsigbare for sakens parter. Dette fordi at slike saker er av svært skjønnsmessig karakter og hvor avveining av de forskjellige momenter er vanskelig.”

Statens Landbruksforvaltning kjem i sin uttale inn på kva omfang saker om odelsfrigjering har samlikna med det totale arealet dyrka mark i drift:

”Av de totalt 47 sakene SLF har behandlet som klagesaker i perioden 2004-2011, ble resultatet at 29 eiendommer ble odelsfrigjort, mens 18 eiendommer ikke ble odelsfrigjort. Totalarealet (dyrket mark og produktiv skog) som ble søkt odelsfrigjort var 51 352 dekar, hvorav 3771 dekar var fulldyrket jord, og 23 591 dekar var produktiv skog. Resultatet av SLFs klagebehandling i nevnte periode er at en gjennom bruk av odelsloven § 31 har odelsfrigjort totalt 31 173 dekar, hvorav 2176 dekar er fulldyrket jord, og 10811 dekar er produktiv skog. Når en legger til grunn at det totalt er ca 10 000 000 dekar dyrket mark i drift i Norge i dag, og andelen leiejord ligger på 400 000 dekar, utgjør 2176 dekar odelsfrigjort dyrka mark kun 0,5 % av leiejordandelen i Norge.”

Når det gjeld haldninga til fylkesmennene, er det verdt å merke seg at halvparten går i mot forslaget, medan berre ein sjettedel av kommunane går i mot. Dei som går i mot forslaget peiker på at ein ved odelsfrigjering av ein eigedom kan vareta samfunnsmessige omsyn som gjer seg gjeldande i desse sakene, mellom anna å få til gode driftsmessige løysingar, gode jordrasjonaliseringar og behovet for å kunne styrke næringsgrunnlaget.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag meiner, som fleire andre, at odelsfrigjering òg er ein ”sikkerhetsventil”:

”Vår erfaring er at adgangen til odelsfrigjøring fungerer som en "sikkerhetsventil" i tilfeller der det er oppnådd svært gode driftsmessige løsninger, og den odelsberettigede som har gått til løsnings sak har få eller ingen planer om bosetting på eller drift av odelseiendommen. ...

Det er dyktige og framtidsrettede næringsutøvere som søker å styrke sitt næringsgrunnlag ved å kjøpe tilleggsareal. I små grendesamfunn kan det utgjøre stor forskjell å ha en eller to gårdbrukere av dette kaliberet.”

Hemnes kommune meiner:

”Vi mener det likevel fortsatt må være anledning for samfunnet til å gripe inn når odelsløsning fører til åpenbart uheldige løsninger.”

Nokre høyringsinstansar har peikt på at det ikkje er logisk at odelsfrigjering etter § 31 blir oppheva samtidig som det blir foreslått å lempe på delingsføresegna i jordlova § 12. Gaular kommune er ein av dei:

”Departementet har foreslått å gjere endringar i jordlova § 12 mellom anna med tanke for at det skal verte lettare å dele frå tilleggsjord. Då burde det og vere mogleg for kjøpar å søkje om odelsfrigjering dersom ein med odelsrett går til søksmål for å overta dette arealet, særleg dersom den som går til søksmål ikkje har planar om busetjing eller drift.”

Advokatforeningen peiker i tillegg på tilhøvet til odelslova §§ 20-20 c:

”Samtidig kan imidlertid behovet for bestemmelsen øke dersom forslag til endring av jordlovens § 12 gjennomføres. Endringene som foreslås i jordloven § 12 vil kunne gjøre det lettere etter den bestemmelsen å foreta fradelinger, herunder fradelinger av tun, slik at jordbruksteiger og resteieendommer kan overdras til nabobruk som tilleggsjord.

... Bestemmelsene i odelslovens §§ 20–20c løser imidlertid ikke de situasjoner som odelsfrigjøringsinstituttet ivaretar og som løser forholdet hvor det etter en samlet vurdering er riktig at odelsretten må vike når odelseiendom, eller del av odelseiendom, ønskes overført til nabobruk som tilleggsjord.”

Det er òg nokre høyringsinstansar som meiner det ikkje er formålstenleg å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering, samtidig som ein ikkje opphevar heimelen til odelsfrigjering for stat eller kommune etter § 30. *Fylkesmannen i Vest-Agder* seier mellom anna:

”Sterke samfunnsmessige hensyn kan i enkelte tilfeller tilsi at den som har kjøpt tilleggsareal

får beholde arealet, både av hensyn til egen næringsvirksomhet på gården og av bosetningshensyn. ...

Adgangen for odelsfrigjøring for stat eller kommune etter odelslovens § 30 er ikke foreslått opphevet. Vi mener at de samme samfunnshensynene er til stede for å beholde odelsfrigjøring ved kjøp av tilleggsareal som odelsfrigjøring for stat eller kommune. Det kan også reises spørsmål om hensiktsmessigheten i å beholde adgangen for odelsfrigjøring hos stat og kommune i odelsloven § 30 dersom § 31 oppheves.”

4.2.3 Departementets vurderingar

4.2.3.1 Odelsfrigjering av eigedomar som skal brukast som tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom

Når ein odelseigedom blir seld til ein person utan, eller med dårlegare odelsprioritet, kan kjøparen bli møtt med krav om odelsløyning. Dersom kjøpet gjeld tilleggsareal til ein landbrukseigedom, kan kjøparen i eit slikt tilfelle søkje om odelsfrigjering etter odelslova § 31. Der det blir fatta vedtak om odelsfrigjering, er formålet å betre dei driftsmessige tilhøva for kjøparen og hans eigedom.

Ein del høyringsinstansar peiker på dei samfunnsmessige omsyna bak odelsfrigjering etter § 31, og meiner at odelsfrigjering fungerer som ein sikkerheitsventil. Andre peiker på at ein ved å ta bort moglegheita for odelsfrigjering, vil hindre effekten av endringa i jordlova § 12. Departementet er einig i at samfunnsmessige omsyn, som gode driftsmessige løysingar, er viktige å vareta. Samtidig er det snakk om svært få søknader om odelsfrigjering. I åra frå 2005-2011 blei det behandla om lag åtte søknader om odelsfrigjering i året, og i litt over halvparten av sakene blei resultatet at eigedomen blei odelsfrigjort.¹² Dersom odelskretsen blir innskrenka slik som foreslått, må det reknast med at det blir enda færre saker. Om lag 40 % av sakene gjaldt personar som vil falle utanfor odelskretsen med det forslaget som nå blir fremja. Dei personane som etter forslaget vil ha odelsrett vil òg gjennomgåande ha sterk tilknytning til eigedomen.

Odelsfrigjeringssaker er svært ressurskrevjande. Departementet meiner at ressursbruken er for stor i høve til samfunnsgevinstane som blir oppnådde. Departementet viser til høyringsutta-

len frå Statens landbruksforvaltning som peiker på at arealet av dyrka mark som blei odelsfrigjort i perioden 2004-2011, berre utgjer 0,5 % av det totale arealet av leigejorda.

Vurderinga av ein søknad om odelsfrigjering er samansett. Ein må vege omsyn av ulik karakter opp mot kvarandre. På den eine sida har ein omsynet til å skape ei god driftsmessig løysing for han eller ho som søkjer om odelsfrigjering. Dette omsynet skal vegast opp mot interessene til odelsrettshavarane, og odelsretten som rettsinstitutt. Når det gjeld omsynet til odelsrettshavarane, har deira tilknytning til eigedomen ein sentral plass i vurderinga. Eit anna viktig moment er forventinga den aktuelle odelsløyaren har til å få overta odelsgården. I praksis har ein oftast lagt til grunn at det er ei klar forventning når odelsrettshavaren har vakse opp på gården og for eksempel har teke landbruksutdanning. I praksis har søknadene der odelsløyar har sterk tilknytning til eigedomen og klar forventning om å overta ofte slutta med at eigedomane ikkje blir odelsfrigjorde.

Å oppheve heimelen til odelsfrigjering etter odelslova § 31 vil òg gi eit klarare rettstilhøve for dei som står att i odelskretsen. For desse blir det lettare å berekne utfallet av ei løysingssak. Omsynet til regelforenkling og ønsket om redusert offentleg ressursbruk tilseier derfor at regelen blir oppheva.

Departementet kan ikkje seie seg einig med dei høyringsinstansane som meiner det ikkje er logisk at odelsfrigjering etter § 31 blir oppheva samtidig som det blir foreslått å lempe på delingsføresegna i jordlova § 12. Departementet meiner det truleg ville blitt heller få vedtak om odelsfrigjering når odelskretsen blir innskrenka slik departementets forslag legg opp til. Grunnen til det er at ein her ofte vil ha å gjere med ein odelsløyar med sterk tilknytning og forventning om å få overta. Departementet meiner såleis opphevinga av heimelen til odelsfrigjering har lite å seie for effekten av forslaget om å endre delingsføresegna i jordlova.

Departementet vil dessutan peike på at reglane i odelslova §§ 20-20 c eit stykke på veg kan hjelpe ein eigar som vil selje eigedomen sin til nokon utanfor odelskretsen. Desse føresegnene gir ein eigar moglegheit for å få avklart om nokon med betre odelsrett vil bruke løysingsretten sin dersom han eller ho vil selje til nokon med dårlegare odelsrett eller til nokon utan odelsrett. Dette gjeld uansett om eigaren har eit aktuelt kjøpstilbod eller ikkje. Moglege odelsrettshavarar kan få ein frist som ikkje skal vere kortare enn to månader til å seie i frå om dei vil gå inn i kjøpetilbodet.

¹² Rapportering frå fylkesmannen for året 2011 for jord-, odels- og konsesjonslov – Notat 28. september 2012 frå SLF

Dersom odelsrettshavarane ikkje vil gå inn i tilbodet, eller ikkje svarer innan fristen, mister dei løysingsretten sin dersom eignedomen blir seld på dei vilkåra som er fastsette i tilbodet under føresetnad av at vilkåra er reelle og saklege.

4.2.3.2 Odelsfrigjering til andre formål enn tilleggsareal til ein landbrukseigedom

Nokre høyringsinstansar hevdar at det ikkje er logisk å foreslå oppheving av odelsfrigjering etter § 31, utan samtidig å foreslå oppheving av odelsfrigjering for stat eller kommune etter § 30. Departementet er ikkje einig i dette. Odelslova § 30 tek sikte på erverv av grunn til typisk offentlegrettslege formål. Det offentlege kan ha særskilte gode grunnar for å ta over eit areal. Odelsfrigjering vil i slike høve kunne vere eit viktig verkemiddel.

4.2.3.3 Konklusjon

Departementet viser til drøftinga under kapittel 4.2.3.1 og held fast på forslaget om å oppheve odelslova § 31.

4.3 Overgangsreglar

4.3.1 Høyringsforslaget

4.3.1.1 Innskrenking av odelskretsen

For endringane i odelslova § 8 foreslo departementet ein overgangsregel med utgangspunkt i gjeldande odelslov § 79 første ledd.

4.3.1.2 Oppheving av odelslova § 31 om odelsfrigjering

Når det gjeld forslaget om å oppheve odelslova § 31, foreslo departementet at det må vere høve til å behandle søknad om odelsfrigjering når det er høve til å løyse ein odelseigedom. Overgangsperioden vil vere relativt kort. Grunnen er at fristen for å reise odelsløyingsssak er seks månader frå den dagen dokument som gir den nye eigaren full heimel er tinglyst. Etter odelslova § 31 må ein søknad om odelsfrigjering setjast fram av eigaren innan to månader, rekna frå stemning i løysingsaka er forkynt for han.

4.3.2 Høyringsinstansane

4.3.2.1 Innskrenking av odelskretsen

Få høyringsinstansar har uttalt seg om overgangsreglar. *Birkenes kommune* ønskjer at lova berre

skal gjerast gjeldande for dei som er så unge at dei ikkje har starta vidaregåande utdanning. *Norges Skogeierforbund* meiner lovforslaget bør tre i kraft fem år etter at det er vedteke:

”Norges Skogeierforbund vil imidlertid peke på at det sannsynligvis er et betydelig antall tilfeller der det er planlagt at nieser eller nevøer skal overta en landbrukseiendom. Dette kan være forberedt bl.a. gjennom at niesen/nevøen har tatt relevant utdanning. Selv om ingen med bedre odelsrett har til hensikt å overta eiendommen, kan de foreslåtte endringene gjøre det lønnsomt for direkte arvinger å selge til andre enn den aktuelle niesen eller nevøen. Dette kan virke konfliktskapende.

Norges Skogeierforbund vil derfor be departementet om å vurdere en særskilt overgangsordning som for eksempel at innskrenkingen i odelskretsen trer i kraft først 5 år etter at loven er vedtatt. Dette vil gi nåværende eier mulighet for å områ seg og eventuelt gjennomføre et planlagt eierskifte i god tid før endringen trer i kraft.”

4.3.2.2 Oppheving av odelslova § 31 om odelsfrigjering

Det er berre *Justis- og beredskapsdepartementet* som har uttalt seg om forslaget om å oppheve § 31 om odelsfrigjering. Departementet uttaler:

”Odelslova § 79 omhandlar innskrenkingar i odelsretten, og overgangsreglar som omhandlar høvet til odelsfrigjering, bør difor ikkje takast inn i denne paragrafen. Sidan odelslova § 31 etter framlegget skal opphevast, bør det heller ikkje følgje av lova at det likevel kan skje odelsfrigjering etter § 31.

Dette spørsmålet kan avklarast i iverksetjingsreglane for endringslova. Dersom § 31 blir oppheva, kan det fastsetjast i iverksetjingsreglane at føresegna likevel skal gjelde i tilfelle der personar som har ein aktuell løysingsrett når endringslova tar til å gjelde, går til løysings-sak. Dette vil dreie seg om ein overgangsperiode på maksimalt åtte månader, slik LMD tek opp i høyringsnotatet.”

4.3.3 Departementets vurderingar

4.3.3.1 Innskrenking av odelskretsen

Som nemnt i kapittel 4.1.3.2 vil innskrenkinga i odelskretsen ikkje føre til reelle endringar for nie-

ser eller nevøar i dei situasjonane der det er planlagt at han eller ho skal ta over egedomen, slik Norges Skogeierforbund peiker på. Dei vil òg i dag måtte stå tilbake for andre med betre odelsrett. Er det ingen andre med odelsrett, er det ikkje noko i vege for at overtakinga kan gjennomførast som planlagt.

Det er fastsett i Grunnlova § 97 at inga lov må givast tilbakeverkande kraft. Når det gjeld tidlegare endringar i odelslova, har Høgsterett uttalt :

”Etter Grunnlovens § 107 må odels- og åsetesretten ikke oppheves, men ”de nærmere betingelser hvorunder den til størst nytte for staten og gavn for landalmuen skal vedblive” fastsettes ved lov. Det har tidligere vært og vil også i fremtiden bli behov for å gjøre endringer i odelsloven, ettersom nye sosiale eller økonomiske forhold krever det. ...

Odelsmannen har ikke noe berettiget krav på å beholde sin odelsrett [...], hvis han ikke ved lovens ikrafttreden hadde en aktuell løsningsrett.”¹³

Dette prinsippet er utgangspunktet i overgangsreglane i gjeldande odelslov § 79 første ledd:

”Denne lova får ingen verknad for tilhøve der det etter dei tidlegare gjeldande reglane er blitt høve til å bruke odelsrett før dei tilsvarande nye reglane har tatt til å gjelde.”

Forarbeida til overgangsregelen seier at endringane knytte til odelsrett skal omfatte alle personar som ved ikraftsetjinga til lova ikkje hadde aktuell løysingsrett. Dersom det ved ikraftsetjinga var oppstått ein situasjon som utløyste høve til å gjere odelsretten gjeldande, skulle reglane som gjaldt før ikraftsetjinga gjelde.¹⁴

Høve til å bruke odelsrett oppstår når egedomen har skifta eigar. Som eigar reknast den som ved bindande avtale eller anna rettsgrunnlag er blitt eigar, jf. odelslova § 60 andre ledd.

Departementet meiner det er rimeleg at tilsvarande overgangsreglar skal gjelde for nye reglar om innskrenkingar av odelskretsen.

4.3.3.2 Oppheving av odelslova § 31 om odelsfrigjering

Når det gjeld forslag om å oppheve reglane om odelsfrigjering i odelslova § 31, skal regelen like-

vel gjelde i dei tilfella der personar som har ein aktuell løysingsrett når endringslova tek til å gjelde, går til løysingssak. Overgangsperioden vil vere relativt kort. Grunnen er at fristen for å reise odelsløysingssak er seks månader frå den dagen dokument som gir den nye eigaren full heimel er tinglyst, sjå odelslova § 40 første ledd. Etter odelslova § 31 må søknad om odelsfrigjering setjast fram av eigaren innan to månader, rekna frå stemninga i løysingsaken er forkynt for han.

Departementet sluttar seg til uttalen til Justis- og beredskapsdepartementet om at overgangsreglar ikkje følgjer av lova, men at spørsmålet bør avklarast i iverksetjingsreglane for endringslova.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei løysingssak skal avgjerast i tingretten med eventuell anke til lagmannsretten og Høgsterett. Dersom odelskretsen blir innskrenka kan det føre til færre saker om odelsløysing. Dette vil frigi kapasitet ved domstolane. Innskrenkinga av odelskretsen vil ha lite å seie for forvaltninga.

Som nemnt i kapittel 4.2.3.1 er saker om odelsfrigjering etter odelslova § 31 sær sars ressurskrevjande. Søknader om odelsfrigjering skal behandlast av kommunen og fylkesmannen. Mange av desse sakene blir påklaga til Statens landbruksforvaltning. Eit vedtak om odelsfrigjering er eit inn-gripande vedtak overfor dei med odelsrett. Det krev ei grundig saksførebuing og vurdering. Ei oppheving av odelslova § 31 vil derfor frigi ressursar i dei organa som behandlar slike saker.

Forslaget har ikkje konsekvensar for likestillinga.

6 Spesialmerknader til lovforslaget

Til § 8

Første ledd første punktum seier at utanom odlaren får òg etterkommarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra har ått heile egedomen med odel, eller nokon av besteforeldra er siste eigar av heile egedomen med odel. Av etterkommarane til odlaren vil såleis barn av eigar av heile egedomen med odelsrett ha odelsrett. Barnebarn vil ha odelsrett dersom nokon av besteforeldra er siste eigar av heile egedomen med odel.

Barn av søsken til ein eigar med odelsrett (nevøar og nieser) vil ikkje lenger ha odelsrett.

¹³ Rt 1948 s. 1147

¹⁴ Rådsegn10 s. 96

For etterkommarar av sameigarar med odelsrett blir det framleis likevel ikkje kravd at foreldra eller besteforeldra som har odelsrett, har ått heile egedomen.

Til § 16 fjerde ledd

Fjerde ledd får to punktum.

Fjerde ledd første punktum seier at jord som blir lagt til ein egedom som tilleggsjord, går inn under odel eller odling på den egedomen jorda blir lagt til når departementet har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord. Første punktum fører vidare delar av gjeldande fjerde ledd.

Fjerde ledd andre punktum er nytt og gjeld tilleggsjord som det er odel på. Etter gjeldande § 16 fjerde ledd går tilleggsjord som er odelsjord, inn under odel eller odling på egedomen jorda blir lagt til. Vilkåra er at jorda er gjort odelsfri etter odelslova § 31, eller at foreldingstida er ute. Etter

andre punktum vil kravet nå berre vere at foreldingstida er ute.

Til § 31

Regelen blir oppheva.

Til § 33

Første ledd første punktum er tilpassa opphevinga av § 31. Det same gjeld *andre ledd*. Formuleringa "§§ 30 til 32" er bytta ut med formuleringa "§§ 30 eller 32".

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i odelslova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i odelslova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i odelslova

I

I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsesretten skal det gjerast følgjande endringar:

§ 8 første ledd første punktum skal lyde:

Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra har ått heile egedomen med odel, *eller nokon av besteforeldra er siste eigar av heile egedomen med odel.*

§ 16 fjerde ledd skal lyde:

Jord som blir lagt til ein egedom som tilleggsjord, går inn under odel eller odling på den egedomen jorda blir lagt til når departementet har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord. For odelsjord må i tillegg foreldingstida vere ute.

§ 31 blir oppheva.

§ 33 første og andre ledd skal lyde:


Før det blir tatt avgjerd om odelsfrigjering etter §§ 30 *eller* 32, skal odelsretthavarane så langt det lar seg gjere, gjevast høve til å uttale

seg om spørsmålet innan ein frist på ein månad. Overfor den som det er vanskeleg å gi individuelt varsel, er det nok med kunngjering i Norsk Lysingsblad og i ei avis som er ålment lesen på staden.

Når det er tatt steg til odelsfrigjering etter §§ 30 *eller* 32, skal odelsløysingssak som er eller blir reist, stogkast til spørsmålet om odelsfrigjering er avgjort.

II

1. Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer. Kongen kan bestemme at dei enkelte føresegnene skal gjelde frå forskjellig tid.
2. Endringane i § 8 får ingen verknad for tilhøve der det etter tidlegare gjeldande reglar har vorte høve til å bruke odelsrett når lova her tek til å gjelde.
3. I tilfelle der nokon som har ein aktuell odelsløysingsrett når lova her tek til å gjelde, går til løysingssak, gjeld likevel § 31. For behandlinga av slike saker gjeld § 33.





Tykk: AS O. Fredr. Aimesen. April 2013

241491